

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 17. oktober 2019, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokale

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes, Ålesund kommune

Elles til stades:

Jonas Falch, Stordal kommune, Gudmund Relling, Norddal kommune, Rolf Bergmann, Sykkylven kommune, Sigrid Eidsvik, Haram kommune, Helge Kvame, Stranda kommune, Rolf Liebich, Skodje kommune, May-Sissel Osvik, Ørskog kommune, Svein Ove Søholt, Sandøy kommune,

= **9 voterande**

Meldt forfall: Ronny Blomvik, Sula kommune, Gunnar Morsund, Giske kommune og Thor Hansen, Ålesund kommune.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjørde.

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 07/19 Godkjenning av møtebok frå møte 16. mai 2019

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møtet 16. mai 2019 blir godkjent.

Sak 08/19 - Budsjett 2020 og økonomiplan - Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2019

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Budsjettert fordelingstabell av deltakarkostnader SKS IKS 2020

	andel	50 % eigerdel	medgått tid	% medgått tid	totalt 2020
Ålesund	6	710000	585000	45	1295000
Fjord	1	118000	143000	11	261000
Giske	1	118000	143000	11	261000
Stranda	1	118000	143000	11	261000
Sula	1	118000	143000	11	261000
Sykkylven	1	118000	143000	11	261000
sum	11	1300000	1300000		2600000

1. Budsjett 2020 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jfr. også fordelingstabell.
2. Deltakarkommunene betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

Sak 09/19 - Regulering av godtgjersle til styret og representantskapet

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2019

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret blir sett til kr 1.750,- pr. møte. Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle pr. møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer kr 23.650,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer kr 8.550,-. Dersom funksjonstida er under eitt år blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.

Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha kr 2.500,- i godtgjersle pr. møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiarens fråvær.

Sak 10/19 - Erfaringsutveksling frå kontrollutvala

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 7. oktober 2019

Kvar leiar ga ei orientering kring status i eige utval. Orienteringane blei tatt til vitande.

Møtet var slutt kl. 13.55

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS